

Styremøte 1 - 2026

tir. 03. februar 2026, 16:00 - 19:30

Oppmøte ved Kørelen Vassverk (Sundvegen 244)

Agenda

Sak 1/26

Godkjenning av innkalling og saksliste

Beslutning

Forslag til vedtak:

1. Ingen merknader til innkalling og saksliste

 Sak 1 - 26 Innkalling til styremøte 1 - 2026.pdf (1 sider)

Sak 2/26

Godkjenning av protokoll frå styremøte -2025

Beslutning

Forslag til vedtak:

1. Det var ingen merknader til protokoll for styremøte 7 - 2025.

 Filen er ikke inkludert på grunn av utilstrekkelig tilgang (0 sider)

Sak 3/26

Rapport frå Statsforvalteren i Vestland vedkommande tilsyn med kommunen si oppfølging av avfallsforskrifta kapittel 10a

Orientering

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR tek saka til orientering.

 Sak 3 - 26 Tilsyn frå Statsforvalteren i Vestland.pdf (1 sider)

 Sak 3 - 26 - Vedlegg 1 - Inspeksjonsrapport.pdf (5 sider)

Sak 4/26

Vassleidning til Åse / status prosjekter / Anglevika

Beslutning

Kommunen/Fylkeskommunen skal byggje fortau fleire stader i kommunen, og ØyVAR ønskjer å leggja ned vass- og avløpsleidning samstundes. I tillegg ønskjer ØyVAR å leggje om vassleidningen i Trollevatn samt etablere ny trykkaukeestasjon på Kolltveit.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR vedtek at prosjekter under «del 1» i saksopplysningane skal byggjast ut som omtalt i saka.
2. Styret i ØyVAR tek «del 2» som orientering slik det er vist til i saka.

 Sak 4 - 26 Utbyggingsprosjekt.pdf (2 sider)

Sak 5/26

Status pilot på Vorland - befaring og gjennomgang av resultater

Orientering

Øyvar har no hatt piloten i drift i 3 månader og resultata so langt er svært gode, og kan resultere i at vi kan byggje nytt vassverk med denne prosessen.

Administrasjonen har sett på kva areal som er naudsynt for etablering av nytt vassverk og har starta opp med førebunde arbeid.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR tek saka til orientering, slik det er vist til i saka.

 Sak 5 - 26 Status pilot Vorland.pdf (2 sider)

 Sak 5 - 2026 vedlegg 1 Kartutsnitt.pdf (1 sider)

Sak 6/26

ØyVAR klaga inn til KOFA

Orientering

I samband med innhenting av anbod på reingjering av høgdebasseng har ØyVAR blitt klaga inn til KOFA. Klager (Remote Inspection AS) har argumentert med at ØyVAR ikkje har nytta krav til lærlingar i anbodet, og meiner ØyVAR har føretatt eit ulovleg innkjøp. ØyVAR er ueinig med klager, og at det ikkje er krav til lærlingar i denne type oppdrag. Saka er prinsipiell og viktig for bransjen å få avklart. ØyVAR har inngått kontrakt med Elma ROV Services og kontraktsarbeida vil gå som normalt til saka er avgjort.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR AS tek saka til orientering, slik det er vist til i saka.

 Sak 6 - 26 ØyVAR klaga inn til KOFA.pdf (1 sider)

 Sak 6 - 26 vedlegg 1 - Klage over ØyVARs tildelingsbeslutning.pdf (4 sider)

 Sak 6 - 26 vedlegg 2 - Tilsvar frå ØyVAR.pdf (6 sider)

Sak 7/26

Styreevaluering

Beslutning

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtek å gjennomføre styreevaluering
2. Styret i ØyVAR har gått gjennom forslagene til spørsmål og plukka ut dei mest relevante som skal leggjast til grunn ved styreevaluering.
3. Resultata frå styreevalueringa skal leggjast fram for styret, og ev. utarbeida tiltak og forbetringar.

 Sak 7 - 26 Styreevaluering.pdf (2 sider)

 Sak 7 - 26 Vedlegg - Forslag til spørsmål.pdf (1 sider)

Sak 8/26

Orientering om drifta

Orientering

I denne saka blir styret orientert om drifta i selskapet.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR tek saka til orientering.